

## Mælum i Vingrom – Midthaugen (gnr. 23)

Midthaugen eller Mælum i Vingrom låg i 1557 sikkert til den garden Glumestadt, som da var vorte krongods. men kring 1450 tilhørde erkebispesetet i Nidaros.

I Akershus lensreknskap, der bortbygsling av krongodset er omhandla, finn ein så Mælum nemnt i 1660-61. det er da fortalt at ein mann ved namn Rasmus Hansen Mellum fekk 1. bygsel på ”1 kalveskinds brug i en ringe ødegaards plads – Mellumb – 17 Rdr.”

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om Mellum av skyld 1 skinn vidare fortalt at eigar av bruket var framleis ”Kongen aleene”, og bygslar og brukar der var framleis ”Rasmus”. Vidare er det om gardsbruket oppgitt at ”Engen (innmarka) er Skrien”, men det var skog nok til gards bruk, og setter og sommarbeite for krøtera på ”Lorthoell Setter”.

Krøter av store husdyr var da: 1 hest og 4 naut, og korntienda vart utreidd med ¼ tønne, som altså svara til ei årsavling på 2-3 tønner.

Da Rasmus Mellumb ti år seinare betalde den ekstra leiglendigeskatten i 1678, er han ført i skattelista side om side med Holmb Brattberig, så det er altså ingen tvil om kva for eit Mælum ein ferdast på. – Etter atter 15 år er det i 1693 oppgitt at Mellum hørde med i 4. soldatlegd for Fåberg saman med gardane Borud, Boleng og Bratberig. Vidare er det og opplyst at den rulleførde soldat frå ”Mellum” da var ”gaardsbunden Ole Rassmusen”, som da var 36 år.

Av år 1710 er ei tinglyst sak som her er av stor interesse, og som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden: ”Mælum i Faaberg. 7. juli 1710. Tosten Ingebredtsen, soldat ved kapt. Råses reservekomp. lot opplese sin bøksesteddel på grd. Mellum av skyld 1 skind, som han har bøkset av generalløitn. Tresler. Dat. 8. mai 1710”.

Fleire nyare opplysningar kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om ”Mellum” av skyld 1 skinn vidare fortalt at Tosten Ingebretsen framleis satt som oppsittar på Mælum, og at han da var både eigar og brukar av garden. Ein merker seg og at landskylda av garden da var høgda til 2 skinn, og at husdyrhaldet på Mælum da var auka til 1 hest, 6 naut, 5 sauer og 4 geiter, og at den årlege utsæd var kring 1 ½ tønne bygg. Vidare tek ein ordrett med at garden ligg ”i Baglien, tungvunden, Jordarten maadelig, dog noget Kollent og aarvant til fields beliggende”. Og dette høyrast ikkje berre bra ut. Det nå lite brukte ordet ”Aarvant” tyder på det motsatte av årviss.

Men 3 år seinare skjøta i 1726 Tosten Ingebretsen garden sin til Jon Hansen, og dette skjøtet er etter utskrift av panteboka referert slik: ”Mellum. Skjøte dat. 8 mai 1726 tgl. 26. oktober s. å. Fra Tosten Ingebretsen Mellum til hans stedatters mann Joen Hansen på gården Mellum som skylder 2 skind med bøxel for sum 80 rd.”

Jon Hansen hadde så garden til i 1749, da han selde ”grd. Mellum skyld 2 skind for 200 rd.” til Even Hansen Gruben. Men så kjem det merkelege at Even Hansen og kona hans Kari Christensdtr. hadde skifte på ”Mælum i Faaberg” alt den 29. oktbr. 1750. – Ved dette skiftet vart jordegodset Mælum av skyld 2 skinn verdsett til 200 rd., og arvebuet utgjorde brutto 262 rd. og netto 184 rd. Arvingane ved skiftet var forutan foreldra dei to borna: 1. Christen, som da var 1 ½ år og 2. Anne, som var 4 ½ år. Ein merker seg elles at egentleg er skiftet datert 14. febr. 1749 og tinglese 17. febr. s. å.

Even Hansen var likevel framleis eigar og brukar av garden i 1775. Han gav da skjøte til sonen sin Christen Evensen på grd. "Mælum i Faaberg" av skyld 2 skinn for kjøpesum 250 rd. + føderåd til foreldra sine av garden Mælum.

Den nye husbonden Christen Evensen Mælum gifta seg i 1779 med Beret Olsdr. Hattestad, og dei fekk i sitt ekteskap 3 born. Dei var: a. Even f. 1780, b. Ole f. 1783, c. Ingeborg f. 1787. – men fem år seinare selde så faren Christen Evensen grd. Mælum framleis av skyld 2 skinn til Erich Engebretsen for kjøpesum 600 rd.

Av år 1800 er så ei opplysande sak, som etter panteprotokollen har denne ordlyden: "Mælum, søndre (som her tyder i Vingrom) . Skjøte dat. og tgl. 1800, septbr. 29. fra Erich Engebretsen Mælum til Christen Johansen Traaseth på søndre Mæhlum, av skyld 2 skind for 600 rd. – med påheftet: Kvittering dat. og tgl. 1800, septbr. 29. fra Even Christensen Rindahls samtykke til Christen Johansen Traaseth på 80 rd. for odelsretten til d. g."

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 1 familie på Mælum ell. Midthaugen. Dei var: 1. Erich Engebretsen, husbonden, 55 år, 2. Anne Jonsdr., kona hans, 53 år, 3. Anne Erichsdr., dotter deres, 3 år, 4. Ragnhild Engebretsdtr., tenestkvinne, 13 år, 5. Iver Amundsen, søsterson til husmora, skomaker, 25 år. – Ein merker seg at dei heller aldri hadde buskaper. Dersom det da her ikkje er ein feil i manntalet. Manntalet er elles opptatt av den daverande sokneprest i Fåberg, A. Broch, som sikkert utførde arbeidet ansvarsfullt. I alt var folketalet i Fåberg da 3645 menneske. 109 år seinare var folketalet i Fåberg i 1910 auka til 5374 og i 1920 til 6441 menneske.

Christen Johansen Traaseth, som tilhandla seg Mælum søndre, var framleis eigar av garden i 1815, men gav da skjøte til Christopher Christensen for kjøpesum oppgitt i riksbankdalar, nemleg 400 rbd. + føderåd til seljaren og kona hans.

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om "Midthaugen" oppgitt at buskaper av store husdyr da var: 1 hest og 6 naut, og at den årlege kornavlinga i den tid utgjorde kring 15 tønner.

Ved matrikuleringa i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. "Mælum eller Midthaugen" fekk da som si nye matrikkelskyld: 1 skylddalar 4 ort 23 skilling, og var da framleis Christopher Christensen som var eigar og brukar av garden.

Christopher heldt så vidare fram som brukar til i 1848, da han skjøta Mælum ell. Midthaugen til sonen Christian Christophersen, som samtidig gav føderådskontrakt til foreldra sine Christopher Christensen og Johanne Jonsdr.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om "Mæhlum" vidare fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på Mæhlum i den tid utgjorde 145 mål, og av dette var 22 mål av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at den årlege utsæd av korn da var ca. 5 ½ tønner og av settepoteter kring 5 tønner, vidare og at husdyrhaldet i den tid var: 1 hest, 7 naut og 23 småkrøter. Brukaren av garden hadde elles i denne tid vanskeleg for å reise dei pengar som trongst, og i tidsrommet 1865-68 var det 3 executionsforretninger der.

I tida fra 1873 til 1877 var det og fleire skylddelingsforretningar, og fleire parsellar av jord og skog vart fråskilt og unnaselt garden. Vidare gav så i 1883 eigaren Christen Christophersen skjøte på hovudbruket til Hans Henningsen for kjøpesum kr. 2200,-.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer, og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark- og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Mæhlum i Vingrum fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 23, og det var da vorte 3 bruksnummer Midthaugen under gardsnr. 23 Mæhlum. Dei 3 bruksnummer var: a. Grn. 23 brn. 1 Midthaugen av skyld 1,34 mark, som Hans Henningsen da hadde tilhandla seg, b. grn. 23 brn. 2 Midthaugen nordre av skyld 0,96 mark, som Andreas Jensen var eigar av, c. grn. 23 brn. 3 Lortholoa (sæter), som var selt til Ole Ulland og Jacob Storsveen.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det dessutan skjedd dei skifte at a. Even Pedersen hadde overtatt grn. 23 brn. 1 Midthaugen av skyld 1,34 mark, b. Johan P. Hattestad hadde kjøpt grn. 23 brn. 2 Midthaugen nordre, c. og grn. 23 brn. 3 Lortholoa sæter var da overtatt av Otto E. Ladderud. Etter atter 4 år selde så i 1908 den einaste arving etter Even Pedersen, nemleg Peder E. Mæhlum, hovudbruket grn. 23 brn. 1 Midthaugen til Ole H. Finden for kjøpesum kr. 9000,- + føderåd. Ein merker seg elles at det er oppgitt frå garden at i tida frå 1878 da Christian Mæhlum selde Midthaugen og reiste til Amerika og til den nåverande brukaren Trygve Barrusten kjøpte Mæhlum, hadde denne garden hatt 13 eigarar.

Ved jordbruksregistreringa i 1939-43 var det da 2 bruksnr. under gardsnr. 23 med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei to bruksnr. var: a. Grn. 23 brn. 1 Mæhlum med eit jordbr. areal på ca. 25 mål, som Trygve Barrusten var eigar og brukar av, b. grn. 23 brn. 2 Midthaugen med eit jordbr. areal på ca. 20 mål, som Olaf Kindlien da var eigar og brukar av.